

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Tidleg innsats



### Ulstein Kommune

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «Tidleg innsats- **Ulstein kommune**».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 05.01.17

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhold

SAMANDRAG .....	5
Barnehagane i kommunen: .....	5
Skulane i kommunen: .....	5
PPT: .....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen? .....	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov? .....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift? .....	8
Anbefalingar .....	8
1    INNLEIING .....	9
2    Målsetting og problemstilling .....	9
3    Revisjonskriterium .....	9
3.1 Innleiing .....	9
3.2 Kjelder til kriterium .....	9
4    Metode og gjennomføring .....	10
4.1 Dokument .....	10
4.2 Verifisering av data .....	11
4.3 Avgrensing .....	11
5 Sektor for oppvekst og opplæring – Ulstein kommune .....	11
5.1 PPT .....	11
5.2 Grunnskulen .....	12
5.3 Barnehage .....	12
6 Problemstilling 1 .....	12
6.1 Revisjonskriterium .....	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar: .....	12
6.1.2 Barnehagelova: .....	13
6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen: .....	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen .....	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen .....	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn .....	17
6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen .....	18
6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen: .....	18
6.4.1 Nasjonale prøver .....	18
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen .....	20
6.4.3 Leksehjelp .....	21

6.5 Vurdering : Tilstanden ved skulane i kommunen:.....	21
6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:.....	21
6.6.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.....	21
6.6.2 Vurdering.....	23
6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule: .....	24
6.7.1 Fakta.....	24
6.7.2 Vurdering.....	25
6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule.....	26
6.8.1 Fakta.....	26
6.8.2 Vurdering.....	27
6.9 Konklusjon.....	27
7 Problemstilling 2.....	27
7.1 Innleiing:.....	28
7.2 Revisjonskriterium: .....	28
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule.....	28
7.2.2 Oppsummert: .....	29
7.3 Fakta:.....	29
7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule .....	29
Vurdering:.....	30
7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule. ....	31
Vurdering:.....	31
7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette.....	32
Vurdering:.....	33
7.4 Konklusjon:.....	33
8 Problemstilling 3.....	33
8.1 Revisjonskriterium:.....	34
8.2 Fakta:.....	34
8.2.1 Organisering .....	34
8.2.2 Tilvisingar.....	35
8.2.3 Ventetid og venteliste .....	35
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering) .....	36
8.3 Vurdering:.....	36
8.4 Konklusjon.....	37
9 Anbefalingar .....	38
10 Rådmannen sin tilbakemelding:.....	39
11 Revisjonen sin tilbakemelding:.....	40

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 07/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. «Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk og innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning.

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med tilrettelagt undervisning og evt. spesialundervisning i grunnskulen.

### Barnehagane i kommunen:

Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein høg andel tilsette med barnehage utdanning.

I Ulstein såg ein gjennomsnittlege driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg på fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Dette kan tyde på at ein i Ulstein har ein gjennomsnittleg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse får ressursar lik fylkes- og landsgjennomsnittet. Ulstein låg også på gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der Ørsta og Vanylven hadde den lågaste andelen.







### Skulane i kommunen:

6,7% av elevane i Ulstein tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen.








### PPT:

Ulstein har felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet.


## Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilmelding til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT i liten grad gjennomførte førebyggjande og systematisk arbeid i barnehagane og skulane siste åra, men enkelte barnehagar har delteke i systemarbeid knytt til autoritativ leing.
2	Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassesetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elevar med svake ferdigheiter.		Skulesektoren tildelar timerressursar knytt til styrking og/deling som skal nyttast i høve tidleg innsats. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordelar ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring.  Skulane har felles leseplan og kartleggingsverktøy for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg.
3	Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.		Det blei lagt til rette for spesialpedagogisk hjelp i dei barnehagane som revisjonen var i kontakt med, men kommunen har ein eldre rutine- og prosedyreperm. Denne bør reviderast/oppdaterast både mht. lovheimel, ansvar/organisering og innhald.
4	Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkyndig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		Skulane hadde felles skriftleg prosedyre før tilmelding til PPT. Alle skulane revisjonen var i kontakt med informerte om at prosedyrane blei nytta aktivt.
5	Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		Barnehagar og skular beskriv i stor grad samarbeidet med PPT som godt, men tilbakemelding frå einingane viser at det har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT siste åra og lange ventelister.  Tilbakemeldingane frå einingane viste at det i varierende grad har vore gjennomført systematisk og førebyggjande arbeid ute på einingane, og spesielt ved skulane har dette i svært liten grad vore gjennomført.  Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av både enkeltsaker og systemsaker, og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid.
6	Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		I Ulstein blir det tilbydd leksehjelp i 5 klasse 2 timar i veka, og for alle klasser på ungdomstrinnet 3,45 t/v. Kommunen har derfor eit tilbod som tilfredsstillar krava i rettleiar (8t/v).

## Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjer premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad, men planen burde reviderast mht tydelegare ansvarsfordelinger.
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	  	<p>Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor/inspektør og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk kvart år.</p> <p>Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i liten grad vert involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør derfor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringsamtalene mellom einingane i større grad enn tidlegare.</p> <p>Av utfordringar blei det trekt fram frå enkelte av barnehagane at det tidvis kunne vere ei utfordring å få skulane til å forstå viktigheita av informasjonen som barnehagane sitt på, og at enkelte barnehagar tidvis kunne føle at møter og liknande ikkje blei prioritert i høve førskulegruppa. Det blei frå både barnehagar og skular ytra ønske om avklaringar i høve roller og ansvar i høve overgangsarbeidet.</p>
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		Kommunen har skriftelege rutinar for å fange opp alle barn i kommunen. I plan for overgang går det bla. fram at barnehagekonsulent skal sende barnetalslister til skulane og barnehagane, og at skulane sender invitasjon i høve førskuledag og innskriving til foreldre og føresette med kopi til barnehagane. I tillegg skal det sendast oppdatert barnetalsliste til einingane i januar. Oppvekstkontoret og skulane har derfor eit ansvar for å fange opp dei borna som ikkje går i barnehage.
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.	 	<p>Alle barnehagane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.</p> <p>Kommunen bør vurdere om samtykkeerklæringskjemaet bør reviderast og innehalde detaljar om kva informasjon som vert overført.</p>

### Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.		<p>Ulstein kommune har i flg. tilbakemelding frå PPT, skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på over tre månader i enkeltsaker. Enkelte einingar rapporterte om enkeltsaker der den totale sakshandsamingstida (inkludert venteliste) hadde vore på over to skuleår.</p> <p>No er Volda og Ørsta gått inn i felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein og kommunane har mange born/elevlar på venteliste. Det er viktig at PPT i tillegg til det systematiske og førebyggjande arbeidet så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette.</p>

### Anbefalingar

1. Ulstein kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
2. PPT bør i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute på skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
3. Kommunen har utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til tilpassa opplæring og spesialundervisning i skulen. Desse burde reviderast mht. tydelegare ansvarsfordeling.
4. Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for barnehagane denne bør reviderast/oppdaterast både mht lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
5. Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
6. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren samt felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane.
7. Kommunen bør vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.



# 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i kommunen gjorde vedtak (07/17) om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

## 2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med hensyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidlig i gong med spesialundervisning/tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. **Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
2. **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**
3. **I kva grad tilfredstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

## 3 Revisjonskriterium

### 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**  
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder, også dei som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- **Barnehagelova:**  
**17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.**

Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggest til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samanheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.

- **Forvaltningslova:**

Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 Om «saksforberedelse ved enkeltvedtak».

Då spesielt med omsyn til foreldre sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjons-overføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskriteria vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. I vår revisjon vil vi basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, skuleleiinga, og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til rektorane og barnehagestyrarane for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. emnet. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar PPT
- Interne rutinar skule og barnehage

## 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 05.02.2018. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

## 4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og skule. Sentrale lover er barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage , grunnskule og PPT som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har valt og halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

# 5 Sektor for oppvekst og opplæring – Ulstein kommune

## 5.1 PPT

Ulstein har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. På Søre Sunnmøre har Sande/Vanylven felles PP-teneste. Herøy kommune har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

### Årsmelding 2016

*«Dette året har PPT arbeidd med kompetanseheving og organisasjonsutvikling i seks ulike barnehagar. Hovudfokus har vore å utvikle gode læringsmiljø ved å kome tidleg inn og arbeide førebyggande. Tema har mellom anna vore å utvikle autoritative vaksne, møte born som subjekt og utvikle leikekompetanse for eitt- og toåringane. PPT for Ulstein og Hareid har halde fram med kompetanseheving på førebygging, avdekking og korleis stoppe mobbing. Til no har vi bistått skulane og jobba mykje med mobbing i enkeltsaker. Planen er å kome i gang med kompetanseheving for skulane hausten 2017. PPT samarbeider også med helse og skule i VIP-prosjektet på vidaregåande skule som handlar om psykisk helse. Talet på tilviste individsaker frå einingane er om lag som i fjor, medan systemsakene auka og vi nådde målet vårt på 60 saker. PPT opplever at individsakene har blitt meir komplekse, tidkrevande og med høg grad av kunnskapsbaserte tiltak. PPT ser også auke i saker der vi må skrive heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta.»*

Målindikator	Resultat 2015	Resultat 2016
Tal på månader ventetid	5-6 mnd	7 mnd

## 5.2 Grunnskulen

Grunnskulen i Ulstein består av 5 skular (4 barneskular og 1 ungdomsskule). For skuleåret 2016/17 omfatta dette 1136 elevar der 794 elevar var knytt til 1-7 årstrinn og 342 var knytt til 8-10 årstrinn.

## 5.3 Barnehage

I Ulstein kommune finn ein åtte barnehagar (ein kommunal og sju private). SSB-tal viser at 507 born gjekk i barnehage i 2016. 65 av dei gjekk i kommunal barnehage og 442 gjekk i privat.

# 6 Problemstilling 1

**Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

## 6.1 Revisjonskriterium

### 6.1.1 Opplæringslova med føringar:

#### **§ 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats**

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat.*

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

*«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.*

*PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkunnig vurdering i de tilfeller loven krever det.*

*PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidleg skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»*

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom

læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidleg innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at elevane oppnår betre meistring og behovet for spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.*

*Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.*

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

#### **§ 1A-1.Leksehjelp i grunnskolen**

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.*

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.*

*Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.*

#### **6.1.2 Barnehagelova:**

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.

Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlige behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

## §1 Forskrift om pedagogisk bemanning

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

### § 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste

*Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkunnige vurderinger.*

*Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlige behov.*

### Oppsummering

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.
- Det skal også leggest til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

## 6.2. Fakta: Tilstanden ved barnehagane i kommunen:

### 6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad og pedagogtettheit i barnehagane.

#### Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.

Ulstein kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.

2016	Ulstein	Vanylven	Sande	Herøy	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	98,4	91,1	86,5	95,3	87,1	98,4	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	90,5	77,5	75	87,8	80,9	89,1	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	103,6	97,6	92	100	91,4	104,4	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Ulstein kommune låg over fylke- og lands gjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass og høgast av kommunane på Søre Sunnmøre saman med Volda. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringar låg Ulstein også her over fylkesgjennomsnittet, landsgjennomsnittet, gjennomsnittet for kommunane på Søre Sunnmøre. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen også her over gjennomsnittet for fylke og landet. Generelt ser vi at 10,5% av foreldre har borna heime i alderen 1-2 år, medan dei fleste av borna mellom 3-5 år går i barnehage.

**Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2: Ulstein kommune i perioden 2010-2015.**

Ulstein	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	98,7	100,4	100,8	98,8	96,4	95,2	98,4
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	91,2	94	92,9	93,1	87,4	87,7	90,5
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	103	104,8	105,4	102,2	101,8	100	103,6

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser mindre svingingar i perioden der kommunen hadde lågast dekningsgrad i 2014. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden i 2015 (95,2%). I 2016 var andelen på 98,4%.

**Tabell 3. Barn på venteliste**

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjustjerna som har rapportert om venteliste i 2016.

**Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:**

Ulstein kommune 2010-2015 (låg ikkje føre fullstendige tal for 2016)

Ulstein	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	24,3	26,7	30,7	31,6	32,1	32,9
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	4,1	5,6	3	4,1	2,6	11,6
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	76,9	77,8	86,4	87,9	86	91,4
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	10	9,1	9,1	18,2	10	11,1
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	9,5	18,6	8,3	8,5	4,3	6,1
Ansatte i alt alle barnehager	169	161	166	171	156	164
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	41	43	51	54	50	54
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	7	9	5	7	4	19
Antall styrere alle barnehager	10	11	11	11	10	9
Pedagogiske ledere alle barnehager	42	43	48	47	47	49

Andelen tilsette med barnehagelærerutdanning har gradvist auka i perioden frå 26,3% i 2010 til 32,9% i 2015. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane hadde 54 av 164 tilsette barnehagelærerutdanning i 2015.

Ser ein på tilsette med pedagogisk utdanning som oppfylte utdanningskravet til ped.leiar ser ein at dette auka frå 4,1% i 2010 til 11,6% i 2015 og kommunen hadde 19 tilsette som oppfylte utdanningskravet og tilsaman 49 pedagogiske leiarar i alle barnehagane.

### 6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen.

Tabellen nedanfor viser.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsern	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6



Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr. Ulstein brukte 66 614kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået knytt til tilrettelagte tiltak generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag.

Ein såg store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrete ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

Hareid og Sande hadde som nemnt ovanfor høgaste andelen med førskulebarn som fekk ekstra ressursar. Vanylven og Ørsta hadde lågast. Ser ein dette i samanheng med tabellen på side 20 hadde Hareid og Sande relativt høg andel elevar som fekk spesialundervisning i småskulen, men der ein såg ein nedgåande trend og der færre fekk spesialundervisning på ungdomsskulen enn i storskulen. I Vanylven og Ørsta såg ein derimot lite tiltak i småskulen og ein veksande andel elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen. Det er derimot ikkje gått nærmare inn på kva som er grunnen til dette, men isolert sett for kommunane på Søre Sunnmøre er det interessant sjå at dei kommunane som kjem i gong med tidleg innsats har ein reduksjon i andelen elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen. Herøy følgjer derimot ikkje denne utviklinga, men det skal nemnast at dette kan skuldast at kommunen har hatt større fokus på tidleg innsats dei siste åra, og at elevane som no er på ungdomstrinnet er resultatet av tidlegare praksis.

### 6.2.3 Minoritetsspråklege barn.

Alle elevar har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eige grunnlag og behov. En skule basert på likeverd er avhengig av at alle elevar får dei same moglighetene til å utvikle seg. Minoritetsspråklige barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråklege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

Minoritetsspråkelige barn 2015	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråkelige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråkelige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor andel av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17% , men Sande og Ulstein hadde også ein høg andel med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 % , medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

### 6.3 Vurdering: Tilstanden ved barnehagane i kommunen

Ut i frå KOSTRA hadde kommunen venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser ein høg andel tilsette med barnehage utdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

I Ulstein såg ein gjennomsnittlege driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg på fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar. Dette kan tyde på at ein i Ulstein har ein gjennomsnittleg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er gjennomsnittleg ressurskrevjande i høve fylkes- og landsgjennomsnittet. Ulstein låg også på gjennomsnittet når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre, der Ørsta og Vanylven hadde den lågaste andelen.


### 6.4 Fakta: Tilstanden ved skulane i kommunen:

#### 6.4.1 Nasjonale prøver

Innleiingsvis har vi sett nærmare på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna kommunane på Søre opp i mot kvarandre, fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmare på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1-4 klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå: Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

Vidare går det fram gjennomsittleg skalapoeng pr elev for dei sju kommunane på Søre. Elevar som fell inn under mestringsnivå 1 oppnådde 42 eller mindre poeng. Elevar på mestringsnivå 2 oppnådde 43-56 skalapoeng og elevar på mestringsnivå 3 hadde over 56 poeng.


**Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**  
**Engelsk. 5. trinn. Andel på meistringsnivå**



Ulstein kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Engelsk:	Ulstein	Herøy	Sande	Hareid	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	53	50	49	51	49	48	48
2015-16	51	49	52	50	47	47	51
2016-17	50	51	49	48	51	49	49


**Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**  
**Lesing. 5. trinn. Andel på meistringsnivå**



Ulstein kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Lesing:	Ulstein	Herøy	Sande	Hareid	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	49	46	48	52	50	48	50
2015-16	50	46	53	49	46	46	49
2016-17	50	50	49	49	47	50	50

**Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**  
**Rekning. 5. trinn. Andel på meistringsnivå**



Ulstein kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Rekning:	Ulstein	Herøy	Sande	Hareid	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	54	48	50	53	52	48	49
2015-16	53	48	48	49	49	47	55
2016-17	50	48	50	49	49	48	49

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil få utbytte i læringssamanheng. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. Generelt sett for dei tre prøvene såg ein for dei fleste åra at ca halvparten av elevane var låg på mestringsnivå 2 medan den andre halvparten fordelte seg på mestringsnivå 1 (10-25%) og 3 (25 -30%). Kommunen hadde for alle prøvene og åra fleire elevar på mestringsnivå 3 enn på mestringsnivå 1, noko er positivt. Kommunen scora i dei fleste tilfelle over gjennomsnittet for kommunane på Søre Sunnmøre mht. gjennomsnittleg skalapoeng pr elev.


#### 6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 6,7% av elevane i Ulstein fekk spesialundervisning i 2016. Dette er ein marginal auke frå 2015 der 6,5% av elevane tok i mot spesialundervisning. 6,7 % er om lag på gjennomsnittet for nabokommunane, men under fylkes- og landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 19,3% og over lands- og fylkesgjennomsnittet.

År 2016	Ulstein	Vanylven	Sande	Ørsta	Hareid	Herøy	Volda	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,7	8,2	3,8	7,3	5,7	6,6	7,8	8,6	7,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	5,1	3,4	2	4,4	4,6	4,3	5,4	6,6	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	8,3	11,4	4,1	7,4	8,9	5,4	9,3	9,4	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	7	10,6	5,4	11,1	3,6	10,7	9,7	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	19,3	10	11,3	15,2	21,8	16,2	25,3	18,8	17,5

#### Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. I Ulstein ser ein også denne tendensen. Der ein ser ei auke i andel spesialundervisning spesielt i storskulen og på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ein auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har effekt, eller at av ein eller anna grunn ikkje kjem i gong med spesialundervisninga før.

### 6.4.3 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Kommunen skal tilby minimum åtte timar kvar veke og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på 2 av skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Ved dei to barneskulane ein har vore i kontakt med blei det tilbydd leksehjelp på 5.trinn to timar i veka. Ein fekk tilbakemelding med rektorane om at dei resterande timane som elevane har krav på i løpet av grunnskulen blir gitt på ungdomsskulen. Frå Ungdomsskulen sine heimesider går det fram at det vert tilbydd leksehjelp måndag, tysdag, onsdag og torsdag frå kl 14.15 til 15.30 til alle elevar.

## 6.5 Vurdering : Tilstanden ved skulane i kommunen:

Oversikta viser at 6,7% av elevane i Ulstein tok i mot spesialundervisning i 2016. Ein såg tendensar til at ein større andel elevar fekk spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre. Dette såg ein også i Ulstein.

Nasjonale prøver viser generelt sett gode resultat for Ulstein kommune skuleåret 14/15 spesielt innanfor lesing og rekning. For åra 15/16 og 16/17 såg ein ei utvikling med større andel elevar på mestringsnivå 1 og færre elevar på mestringsnivå 3 innanfor engelsk og rekning. Det kan være fleire ulike faktorar som påverkar resultatet. Ein faktor kan vere naturlege forskjellar mellom klassekull, eller at kvaliteten i opplæringa har variert.

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde leksehjelp 2 timar i veka retta mot 5 klasse. I tillegg vert det tilbydd 3,45 timar i veka til ungdomskuletrinna (8,9,10 trinn). Revisjonen vurderer rettleiaren slik at skulen skal tilby 8 timar kvar veke og at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Ved å tilby elevane på ungdomstrinnet 3,45 timar i veka i tillegg til 2 timar i veka på 5.trinn oppfyller kommunen krava til utdanningsdirektoratet. Ein meiner derfor at kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka.

## 6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

### 6.6.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.

Ein har hatt samtale med eit utval rektorar og styrarar ved skular og barnehagar i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande

arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og korleis PPT deltek ute på einingane i kommunen.

**Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane:**

Ressursar til skulane vert årleg tildet på nyåret, etter ein gjennomgang av totalt behov ved skulen. Dette er eit samarbeid mellom rektor og kommunalsjef. Budsjett for den einkilde skule vert regulert tilsvarande. I tillegg kjem øyremerka midlar til styrking av 1.-4. trinn. Skulane får tildelt kronebeløp etter tal på elevar. Rektor disponerer midlane i samråd med kommunalsjef.

**Spesialpedagogar og støtteressurs i barnehagen:**

Oppvekst tildelar ekstra ressursar i barnehagen ut i frå søknad frå barnehagen (§19 i barnehagelova) eller etter sakkunnig vurdering frå PPT. Barnehagane gav tilbakemelding om at kommunen tidlegare hadde eit svært godt spes.ped team med god spisskompetanse innanfor ulike emner. Dette teamet var underlagt kompetansesenteret, men blei for nokon år sidan lagt under oppvekst. Einingane opplever i dag stor gjennomtrekk blant dei tilsette og mykje av spisskompetansen har forsvunne. Dette har resultert i at enkelte av barnehagane har måtte nytta eigne pedagogar når ein har hatt barn med særskilte behov.

**Tverretatleg team:**

Kommunen har tverrfagleg team som har møter 2 gonger i året (1 pr. halvår innan 30.oktober og 30 mars). Tverrfagleg team skal vere eit lågterskeltilbod der einingane kan be om råd og rettleiing rundt enkeltbarn eller systemsaker. Teamet er samansett frå fagpersonar frå helsesøster, PPT, barnevern og skule/barnehage. Teamet skal ha fokus på barn og unge og deira livssituasjon for å avdekke behov og setje inn tiltak tidleg. Teamet skal utveksle informasjon både på saksnivå, samt på personnivå primært etter skriftleg samtykke. Tilbakemeldingane frå einingane viste at einingane hadde utbytte av desse.

**Systemretta og førebyggjande arbeid på skular og barnehagar utført av PPT:**

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i skulane fekk ein tilbakemelding frå einingane at det stort sett ikkje hadde vore gjennomført systemretta arbeid siste åra, men at ein har fått signal om eit samarbeid med PPT i 2017/2018 knytt til dysleksi, autisme og mobbing. Dette arbeidet er ikkje starta opp (des 2017).

Ved to av barnehagane ein var i kontakt med hadde ein vore med på kompetanseløft i regi av PPT. Ein barnehagane gav tilbakemelding om at ein ikkje hadde delteke i det systematiske arbeidet. I tillegg blei det opplyst om at PPT deltek på leiar/styrarmøter. Utover dette var det i liten grad gjennomført systematisk arbeid siste åra og styrarane sakna tilbod om meir systemretta arbeid direkte knytt opp i mot sin eigne barnehagar. PPT har gitt tilbakemelding om at for å starte arbeid med organisasjonsutvikling og kompetanseheving krev PPT at einingane skal ta ei SWOT analyse/kartlegging for å sjekke kapasiteten til å fylje eit slikt endringsarbeid.

I samtale med PPT har ein fått tilbakemelding om at ein framover vil ha ei dreining vekk i frå individ/enkeltsaker og meir retta mot kompetanseheving og systemsaker. Dette inntrykket hadde også skulane og barnehagane ein har vore i kontakt med. Ein fekk tilbakemelding med einingane at det i utgangspunktet er positivt at PPT vil arbeide meir systemretta, men det systemretta arbeidet kan ikkje gå på kostnad av tidleg innsats i høve enkelt barn i den enkelte barnehage/skule.

Ved enkelte barnehagar og skular fekk ein også tilbakemelding om at ein kunne ønske eit tettare samarbeid med PPT med faste møtepunkt der ein kunne drøfte utfordringar i kvardagen. Ein fekk generelt sett klare tilbakemeldingar på at einingane har forventningar om at det nye PPT bør vere meir aktivt ute på dei ulike einingane i høve det systemretta arbeidet i dialog med dei tilsette slik at ein kan skape eit tillitsforhold.

#### **Sakshandsamingstid ved tilmelding PPT:**

Tilbakemelding frå einingane Ulstein viste at ein siste åra har hatt svært lang venteliste. Enkelte av einingane viste til individualsaker som hadde hatt ei sakshandsaming (både venteliste og kartlegging/utarbeiding av sakkunnig vurdering) på opp mot 2 år. I tillegg blei det opplyst om lenger sakshandsamingstid p.g.a omstillingsprosessen som PPT gjennomgår.

### **6.6.2 Vurdering**

#### **Tverretatleg team:**

Tilbakemelding frå einingane viser dei generelt tenker at det tverrfagelige ressursteamet er eit positivt lågterskeltilbod og einingane gav tilbakemelding om at ein hadde utbytte av desse.

#### **Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane**

Skulane får tildelt økonomiske rammer i samarbeid med kommunalsjef. Ein del av ressursane vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse. Dette viser at Ulstein kommune har eit bevisst fokus på tidleg innsats.

#### **Spesialpedagogar og støtteressurs i barnehagen:**

Tilbakemelding frå einingane viste at ein tidlegare hadde eit svært velfungerande spes.ped team i kommunen som ein hadde stort utbytte av når ein hadde born med særskilte behov, men at ein no opplever stor gjennomtrekk blant dei tilsette der. Eit god og kompetent spes.ped team kan ha stor positiv effekt på born med særskilte utfordringar. Det å kome tidleg i gong med tiltak i barnehagen står svært sentralt i høve tidleg innsats, og Kommunen bør sette i verk tiltak for å få eit meir stabilt og velfungerande team.

#### **PPT**

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at ein har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT siste åra og lange ventelister. Tilbakemeldingane frå einingane

viste at det i varierende grad har vore gjennomført systematisk og førebyggjande arbeid ute på einingane, og spesielt ved skulane har dette i svært liten grad vore gjennomført.

PPT skal drive både med systemretta/førebyggjande arbeid og individretta støtte i form av kartlegging og utarbeiding av sakkunnig vurdering. Tilbakemelding frå PPT og einingane viste at PPT no skal ha mykje meir fokus på systemretta og førebyggjande arbeid.

Det er viktig at det systemretta arbeidet vert retta mot kvar enkelt eining sine behov. Dette kan bidra til at ein ute på einingane raskare greier å fange opp born med vanskar, og målsettinga må vere at einingane på sikt kan handtere desse utfordringane i større grad sjølve. Dette arbeidet kan derimot ikkje gå på bekostning av dei mange individualsaker som også må handsamast, då det handlar om borna og foreldra sinn rett til å klage på den hjelpa barnet får.

## 6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:

### 6.7.1 Fakta

#### 6.7.1.1 Barnehage:

Ulstein kommune har ein kommunale barnehage og fleire private barnehagar. Barnehagane hadde forskjellige kartleggingsverktøy som vert nytta i undersøkelsesfasen og ved bekymring. I alle barnehagane nytta ein bla, verktøya «TRAS» og «Alle med». TRAS er et pedagogisk observasjonsverktøy som skal brukast til å observere barns språkutvikling, medan «alle med» er eit observasjonsskjema som dekker utviklingsområda: Språkutvikling, lek, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling.

Kommunen har tidlegare utarbeida ein FØ-perm og var sist revidert i 2007. Permen inneheld bla. «tidsplan for særskilte opplæringstiltak i barnehagen». Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i liten grad tilbakemelding om at dette var ein del av dei skriftelege prosedyrane knytt til tidlig innsats. Ein av barnehagane viste til prosedyrepermen, men uttrykte at mykje av innhaldet burde reviderast.

#### 6.7.1.2 Skule:

##### Kvalitetsplan for grunnskulen

Kommunen har utarbeida ein felles kvalitetsplan for grunnskulen (2016-2019). Skuleeigar initierte arbeidet med planen og det blei utarbeida ei styringsgruppe bestående av oppvekstsjef, hovudtillitsvalt i utdanningsforbundet, PPT- leiar og rektorane ved alle grunnskulane. Det blei også sett ned ulike arbeidsgrupper bestående av rektorar, inspektørar og medlemmer i plangrupper frå alle skulane for å involvere einingane mest mogeleg. Planen har som mål å vere retningsgjevande for kva verdiar og haldningar som skal ligge i botnen for



arbeidet i Ulsteinskulen, fremje kvalitetsarbeid og bidra til at skulane i Ulstein utviklar seg i tilnærma same retning innanfor felles satsingsområde.

### **Plan for lese og skriveopplæringa 1.-7. trinn**

I Ulstein kommune har ein utarbeida ein plan for skriveopplæringa. Planen har som formål bla. å sikre felles læringsmål og samsvarande progresjon og innhald i lese- og skriveopplæringa for barneskulane, samt at alle skulane er gode på førebygging av lese- og skrivevanskar, og følgjer ei fast tiltaksrekke når vanskar oppstår. Planen fokusera i hovudsak på det systematiske arbeidet med utvikling av lese- og skrivekompetansen, og er ikkje ein komplett læreplan for norskfaget.

Planen inneheld læringsmål, forskjellige arbeidsmåtar/lærestrategiar, ulike læremiddel og ressursar som bør brukast på dei ulike klassetrinna. Vidare for kvart enkelt trinn inneheld planen også viktige moment og tips i høve undervisninga i tillegg til ulike testar/vurderingar henta frå kommunen sitt årshjul for obligatoriske prøver.

### **Årshjul for obligatoriske prøver barneskulen:**

Kommunen har utarbeida eit årshjul for obligatoriske kartleggingsprøver prøver knytt til barnetrinna. Årshjulet inneheld dei ulike prøvene som kommunen nyttar fordelt på dei ulike årstrinna, samt tidspunkt for når dei skal gjennomførast (månad).

### **Undervegsvurdering**

I Ulstein kommune har ein utarbeidd rutine for bruk av undervegsvurderingsskjema for barnetrinnet. Skjemaet inneheld informasjon om kva eleven har fått til og kva som er dei viktigaste måla og jobbe vidare med innanfor dei tre kategoriane; 1. fagleg kompetanse, 2. sosial kompetanse og 3. orden og oppførsel. Føresette og kontaktlærar skal signere. Rutinen viser at lærerane skal starte undervegsvurdering tidleg og i god tid før kontaktmøtet med foreldre haust og vår. Kontaktlærar har hovudansvaret og faglærar bidreg med informasjon frå si undervisning.

### **Saksgang knytt til spesialundervisning:**

Kommunen har også utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til tilpassa opplæring og spesialundervisning. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i skulen til evt. oppmelding til PPT, utarbeiding av sakkyndig vurdering og evaluering. Tilbakemelding frå skulane viste at desse burde reviderast mht tydelegare ansvarsfordeling.

### **6.7.2 Vurdering**

Kommunen har ein eldre rutineperm i høve prosedyrebeskriving for barnehage og barnehagen sine samarbeidspartnarar. Permen var sist revidert i 2007. Kommunen bør oppdatere revidere rutineperm i høve lovheimlar og innhald (spesielt i høve ny barnehagelov Kapittel V A. Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m, samt i høve

organisering/ansvarsfordeling. Utover dette såg ein få overordna rutinar/retningslinjer for barnehagane i kommunen, men verbal beskriving av prosedyrar og rutinar i høve kartlegging var stort sett like.

Skulesektoren har ein utarbeida prosedyre før tilvising til PPT samt eit årshjul for spesialundervisning. Desse burde reviderast bla. mht. tydelegare ansvarsfordeling.

Felles skriftleg kvalitetsplan i skulen bidreg til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til bla. tidleg innsats. Ein bør vurdere om ein bør utarbeide ein liknande felles kvalitetsplan for barnehagane eller for oppvekstsektoren samla, slik at ein innarbeider felles mål og plan for heile utdanningsløpet til borna, noko som kan bidra til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til tidleg innsats gjennom heile utdanningsløpet ( både barnehage og skule). Slik felles kvalitetsplan har bla. vore utarbeidd og implementert i Hareid og Volda og ein har fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet.

Kommunen har utarbeida ein felles plan for skriveopplæringa, og årshjul for obligatoriske kartleggingsprøver i barneskulen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. frå skule ved at lærerane har kjennskap til kartleggingsverktøya som er nytta tidlegare. Kommunen bør vurdere å få utarbeida eit liknande handlingsplan/kartleggingsverktøy retta mot barnehagane i kommunen knytt til språk og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre). Planen bør innehalde ein kommunal minstestandard for observasjon og kartlegging av språk og sosial kompetanse for 1-6 år. Den bør også innehalde ei skildring av prosessen, ansvarsområde og omtale av observasjons- og kartleggingsverktøy slik at tilsette kan også bruke det som eit oppslagsverk. Dette arbeidet bør gjerast i samarbeid med PPT som kan vere ein viktig ressurs både mht. utarbeiding og implementering.

## 6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

### 6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Dei fleste Rektorane og barnehagestyrarane meinte at dei sakkyndige vurderingane var gode og at ein har utbytte av dei, men at kvaliteten kunne variere. Spesielt vart det peika på at prolongeringar av sakkyndige vurderingar ofte kunne oppfattast som lite gjennomarbeidde og at dei utarbeida/fatta på tynt grunnlag . Alle einingane gav tilbakemelding om at ein i dei aller fleste tilfelle følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeiding av enkeltvedtak.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at ved tilmelding og under kartleggingsprosessen har det kunne gått svært lang tid før det låg føre ei sakkyndig vurdering.

### 6.8.2 Vurdering

Barnehagar og skular har tidlegare opplevd dei sakkyndige vurderingane stort sett som gode, men at ved spesielt prolongering kunne dei oppfattast som lite gjennomarbeidde og fatta på tynt grunnlag. I høve enkeltvedtak vert anbefalingane til PPT følgt.

## 6.9 Konklusjon

PPT har i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i barnehagane og skulane, men enkelte barnehagar har delteke i systemarbeid knytt til autoritativ leiing. Barnehagar og skular beskrev i stor grad samarbeidet med PPT som godt, men oppfatta sakshandsamingstida som lengre no under omstillingsprosessen i PPT. Enkelte av einingane rapporterte om svært lang sakshandsamingstid. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av både enkeltsaker og systemsaker, og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette. Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule. Ein såg meir overordna planar og retningslinjer i skulane enn i barnehagane. Kommunen bør derfor vurdere om bla. er hensiktsmessig og utarbeide felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren samt felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane.

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde leksehjelp 2 timar i veka retta mot 5 klasse. I tillegg vert det tilbydd 3,45 timar i veka til ungdomskuletrinna (8,9,10 trinn). Revisjonen vurderer rettleiaren slik at skulen skal tilby 8 timar kvar veke og at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. Elevar i Ulstein får tilbod om over 12 timar i løpet av grunnskulen og kommunen har derfor oppfylt krava i høve rettleiar.

## 7 Problemstilling 2

**I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

## 7.1 Innleiing:

I dette kapitlet går det fram revisjonskriterium, data og vurderingar om korleis det er lagt til rette for god overgang til skulen. Kva som er gode overgangar vert utdjupa i kapittel 2.2 der dei ulike revisjonskriteriene som vi har nytta for å belyse dette emnet.

## 7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernslova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

### 7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein sær viktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, « Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå barnehagar andre plassar i kommunen eller andre kommunar. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet ikkje er å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefaler ein plan på kommunenivå som inneheld premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefaler vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bla. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skulemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren sei derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Ein meiner det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre taushetsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «*For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger*». Krav om samtykke er regulert i

personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

### 7.2.2 Oppsummert:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

## 7.3 Fakta:

### 7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule

I samband med intervju av rektorar og barnehagestyrarar etterspurte ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Ved einingane blei det vist til kommunen sin felles overgangsplan ( revidert januar 2016). Planen inneheld informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak og aktivitetane går fram nedanfor:

Tidsfrist	Tiltak / handling	Ansvar
August-September	Orienterer føresette om samarbeid mellom barnehage og skule på første foreldremøte	Styrar
Oktober-desember	Innhente løyve frå føresette til overføring av informasjon til skulen på foreldremøtet/foreldresamtalen	Styrar
November	Lister med oversikt over kva barn som skal på dei ulike skulane vert sendt til alle skular og barnehagar.	Bhg. kons
Innan 1. Desember	Barn med særskilde opplæringstiltak som skal over i skule: Overføring av informasjon i høve barn med store hjelpebehov. T.d fysisk tilrettelegging av bygg, kompetansebygging. <hr/> 1. Barn med ansvarsgruppe: Rektor vert kalla inn til ansvarsgruppemøte minimum 1 ½ år før skulestart. <hr/> 2. Barn med store hjelpebehov utan ansvarsgruppe: Skulen får orientering om ressursar og opplæringstiltak i bhg. Styrrar, støttepedagog, rektor/inspektør, foreldre, PPT skal ta del.	Leiar i ansvarsgruppe  Bhg. kons
Januar	Sende barnetalsoppgåve frå folkeregisteret til barnehagane og skulane	Ped.kons
Februar	Innskriving: 1. Personleg innkalling til alle barn og føresette. Kvar skule sender ein kopi til barnehagane. 2. Felles annonse i lokalavisa.	Rektor  Ped.kons
Mars	Skulebesøk: Målet er at barna vert kjende med skulen sin. Barna får ei kort innføring i skulen sine forventningar og reglar for klasserom, garderobe, gang m.m. Om det høver kan dei få besøke ei klasse og ulike spesialrom.	Rektor avtalar med barnehagane.
Mai/Juni	Overgangsmøte fagleg: 1. Barn som treng mindre grad av tilrettelegging: Overføring av	Styrrar

	informasjon frå barnehagen til skulen. Styrar, ped.leiar, rektor og kontaktlærer tek del. <hr/> 2. Barn med særskilde behov: Overføring av informasjon frå spesialpedagog og kontaktlærer i skulen.	Bhg.kons i samarbeid med rektor
--	--	---------------------------------

Vidare går det fram av overgangsplanen at kvar skule innbyr til minst eitt skulebesøk og det er rektor som har ansvaret for initiativet og opplegget.

Alle einingane ein var i kontakt med viste til planen og gav tilbakemelding om at ein nytta den aktivt i overgangsarbeidet. Det blei frå skulane gitt tilbakemelding om at planen burde reviderast, spesielt med tanke ansvarsfordeling mellom partane.

Ein ønskte å få ei beskriving av dei tiltaka/aktivitetane en gjennomfører i samband med overgang barnehage/skule. Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor/inspektør og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. I tillegg gav alle skulane og barnehagane tilbakemelding om at det vert gjennomført minst eit skulebesøk kvart år. Det generelle intrykket ut i frå tilbakemeldingane frå einingane viste at kommunen i liten grad hadde rutinar for å involvere framtidig kontaktlærer i overgangsarbeidet og dialog med barnehagane i høve førskulegruppa, men at kontaktlærer kan verte involvert på eit tidleg tidspunkt vist ein har for eksempel har enkeltborn med vanskar og utfordringar.

I kommunen sin overgangsplan har ein rutinar for å overføre informasjon om elevar med særskilde opplæringstiltak innan 1.desember. Derimot vert informasjon knytt til barn som krev mindre grad av tilrettelegging teke på fageleg overgangsmøte i mai/juni.

Det vart også vurdert om kommunen hadde rutiner for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at disse får same tilbodet som barnehageborna. Det går fram av den skriftlege overgangsplanen at bhg.kons i november har ansvar for å sende ut liste med oversikt over kva born som skal gå på dei forskjellige skulane og denne lista vert sendt til skulane og barnehagane i kommunen. I tillegg skal ped.kon i januar sende barnetalsoppgåve frå folkeregisteret til barnehagane og skulane. Ved innskriving vert det sendt ut personleg innkalling til alle barn og føresette i tillegg til at det vert satt opp annonse i lokalavisa.

### Vurdering:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule og planen var revidert i 2016. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nytta den aktivt, men enkelte meinte den burde reviderast spesielt mht ansvarsfordeling mellom partane.

Det går fram av planen at kontaktlærer skal delta på samarbeids- og informasjonsmøte i mai/juni. Tilbakemeldingane frå einingane viste at kontaktlærer i svært liten grad tok del på desse møta. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at framtidig kontaktlærer deltek på desse møta, slik at vedkomande kan tileigne seg nyttig informasjon om enkeltborn og heile

førskulegruppa. Dette kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart.

### 7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule.

Dei ulike einingane beskrev i stor grad samarbeidet ved overgang barnehage til skule som godt. Av utfordringar blei det trekt fram frå enkelte av barnehagane at det tidvis kunne vere ei utfordring å få skulane til å forstå viktigheita av informasjonen som barnehagane sitt på, og at enkelte barnehagar tidvis kunne føle at møter og liknande ikkje blei prioritert i høve førskulegruppa.

Ein fekk tilbakemelding om at barnehagane ønska meir informasjon frå skulen i etterkant av overgangen (i slutten av 1.trinn) for å få informasjon om opplegget i barnehagen har vore godt eller om det er avdekkede utfordringar med elevane som ikkje blei fanga opp i barnehagen. Slik informasjon meiner ein vil kunne bidra til å betre kvaliteten i barnehagetenesta og gi dei mogeligheit til å kunne justere/gjere endringar i opplæringsopplegget sitt basert på desse erfaringane.

Kommunen har eit samtykkeerklærings skjema (samtykke til samhandling) . Skjemaet skal signerst av foreldre føresette og gir informasjon om kva samtykket gjeld og kva personar/instansar/etatar informasjon vert utveksla med. Det går derimot ikkje fram av skjemaet konkret kva informasjon som blir overført. Enkelte av skulane etterlyste at ein fekk meir skriftleg informasjon på overføringsmøta.

Ulstein har både sentrumsnære einingar og einingar lokalisert på bygdene. Av utfordringar blei det i sentrum trekt fram at det tidvis for enkelte skular kan vere ei utfordring med mange forskjellige barnehagar og forholde seg til. Dette stiller krav til skulane mht. møter og overføring av informasjon. For einingane utanfor sentrum har ein hovudsakeleg ein eller to barnehagar ein må forholde seg til. Der geografisk nærleik, små elevgrupper vert peikt på som viktige faktorar for eit godt samarbeid.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav også tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage Både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap.

#### Vurdering:

Fleire av einingane gav tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid. Både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Ein god arena for dette kan vere i førskulegruppa, der ped.leiar i barnehagane og framtidig kontaktlærer kan samarbeide fram mot skulestart. Dette bør også sjåast i samheng med i samarbeids- og informasjonsmøte der kontaktlærer og ped.leiar skal delta slik det går fram i kommunen sin skriftelege overgangsplan. Kommunen bør vurdere om det bør leggjast til rette for meir slikt arbeid.

Kommunen bør vurdere om samtykkeerklæringsskjemaet bør reviderast og innehalde detaljar om kva informasjon som vert overført. Dette vil kunne bidra til at foreldre/føresette i mykje større grad vert trygge på kva informasjon som vert overført, i tillegg vil eit slikt detaljert skjema kunne bidra til at skulane sitt ønskje om meir skrifteleg og standardisert overført informasjon vert oppfylt då skjemaet kan nyttast i overgangssamtalene mellom bhg og skule.

Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen etter første klasse bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det. Dette bør sjåast i samanheng siste punkt i overgangsplanen som gjeld regelmessige fellessamlingar mellom pedagogane i skule og barnehage.

Kommunen har skriftlege rutinar for å fange opp born som ikkje går i barnehage.

### 7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette

I kommunen sin kvalitetsplan for grunnskulen går det fram i vedlegg eige skriv for samarbeid mellom heim og skule. Der går det bla. fram kontakt/møtepunkt som skal gjennomførast og dei ulike organa for brukarmedverknad som kal vere etablert på skulen.

#### **Kontakt med foreldre/føresette:**

Det går fram av vedlegget at skulen skal gjennomføre foreldremøte gjennom skuleåret. Det går bla. fram at ved starten av kvart skuleår skal det haldast foreldremøte der dei føresette vert informerte om skulen, der kontaktlærer har ansvaret for å kalle inn føresette klassevis.

Det skal også gjennomførast kontaktmøte mellom føresette og kontaktlærer to gongar i året, der eleven kan vere med i samtalen eller delar av han. Vidare går det fram at i tillegg til dei faste foreldremøta og kontaktmøta kan foreldre/føresette ta kontakt med kontaktlæraren ved spørsmål.

Organ for brukarmedverknad i skulen: Alle føresette ved skulane utgjør foreldrerådet og alle føresette skal bli kalla inn til foreldremøte kvar haust. I tillegg skal skulane ha forskjellige utval: Samarbeidsutvalet (SU), Skulemiljøutvalet (SMU) og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU).

Tilbakemeldingane frå einingane viste at både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller oppmelding til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.



I barnehagane har ein minimum to faste foreldresamtaler pr år og gjerne meir om ein føler ein treng det. I tillegg har ein eit felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barn og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen.

I skule har ein også foreldremøter og utviklingssamtaler med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at ein har låg terskel for å ta opp bekymringar med foreldre når ein er bekymra for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i høve sakkyndig vurdering og får kome med innspel. I overgangsplanen går det fram at ped. kons skal sende barnetalslister til barnehagane og skulane. Skulane sender deretter invitasjon til innskriving til foreldre og føresette med kopi til barnehagane.

### Vurdering:

Alle barnehagane gav utrykk for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen. I høve overgangsskjema bør kommunen vurdere om skjemaet bør innehalde meir konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilmelding og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

### 7.4 Konklusjon:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta den i stor grad, men planen burde reviderast mht tydelegare ansvarsfordelingar. Dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i liten grad vert involvert i førskulearbeid/aktivitetar. Ein bør derfor vurdere om komande kontaktlærar skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalene mellom einingane i større grad enn tidlegare.

Kommunen har rutinar for at foreldre/førestette signerar samtykkeerklæring verd informasjonsoverføring mellom bhg og skule. Kommunen bør vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.

## 8 Problemstilling 3

**I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

## 8.1 Revisjonskriterium:

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakshandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefalar at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakshandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakshandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolen informasjonssystem) eller KOSTRA.

### Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

## 8.2 Fakta:

### 8.2.1 Organisering

Hareid og Ulstein har hatt PPT-samarbeid som strekk seg mange år tilbake i tid. I 2016 vart det gjennomført ei organisasjonsanalyse for PPT Volda og Ørsta. Konklusjonen i analysen var at Volda og Ørsta burde søke samarbeid med andre og fleire kommunar om PP-tenesta. Ørsta spurde då alle omkringliggjande kommunar om der var interesse for slikt samarbeid, og Ulstein og Hareid sa seg interesserte. Det vart så gjennomført sonderingar hausten 2016 om eit felles PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta der alle kommunane etter kvart vart einige eit samarbeid etter vertskommunemodellen med kontor i Ulsteinvik. Avtalen vart gjeldande frå og med 01.08.2017

Før omorganiseringa hadde eininga 7,1 årsverk. 6,35 av desse årsverka knytt til fagstillingar og leiar medan 0,75 var merkantil. Eininga hadde 24 einingar ein jobba opp i mot før samanslåinga med Ørsta og Volda.

I dag har eininga 18,55 årsverk. 15,8 er knytt til fagstillingar, 1,75 merkantil og 1 leiarstilling. Eininga har i dag 72 einingar ein skal jobbe opp i mot.

I samband med dette forvaltningsprosjektet ønskte ein også informasjon om sakshandsamingstid og kapasitet. Det blei bl.a. stilt følgjande spørsmål til PPT:

- Kor mange tilvisingar/ tilvisingar hadde PPT dei fire siste skuleåra ( -12/13, -13/14, -14/15, -15/16)?
- Kor mange tilvisingar var i grunnskulen og kor mange var i barnehage/førskule?
- Kor mange sakkyndige utredningar har PPT gjennomført dei fire siste skuleåra ( -12/13, -13/14, -14/15, -15/16)?
- Kor lang er den gjennomsnittlege sakshandsamingstida frå tilvising av førskule-/skuleelev til endeleg vedtak ligg føre?

- Kor raskt kjem ein i gong med kartleggingsarbeidet? Har kommunen hatt utfordringar siste åra med venteliste?

### 8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Ulstein og Hareid. Dette gjeld både barnehagen, grunnskulen, vidaregåande skule og individsaker. Talmaterialet er utarbeida av PPT og ein har delt opp i individ og systemsaker.

Ein registrerar ei auke i antal tilvisingar kvart enkelt skuleår. Spesielt i høve systemsaker, men også individsaker.

Skuleåret 2012/2013 var det totalt 129 tilvisingar (115 individ og 14 system) medan skuleåret 2015/2016 hadde antal tilvisingar auka til 183 (128 individ og 55 system).

Talet på tilvisingar			
	Individsaker	Systemsaker	Totalt
<b>2012/2013</b>	115	14	129
<b>2013/2014</b>	116	24	140
<b>2014/2015</b>	126	53	179
<b>2015/2016</b>	128	55	183

Vidare har ein sett meir detaljert på korleis tilvisingane fordelte seg mellom førskule, småskule, ungdomsskule og vidaregåande/vaksenopplæring. Ein fekk tilbakemelding med PPT at ein ikkje hadde oversikt over fordelingane i forhold til systemsaker, men at ein hadde oversikt i høve individsaker. Oversikta er derfor berre knytt til individsakene.

Som det går fram av oversikta registrerar ein for dei siste skuleåra at det var flest individsaker i barneskulen og i høve vidaregåandeopplæring/vaksenopplæring. Det var færrest individsaker i førskulen. Totalt såg ein ei auke i antal individsaker kvart år.

### 8.2.3 Ventetid og venteliste

Talet på tilvisingar detaljert (individsaker)					
	Førskule	Småskule/ barneskule	Ungdomsskule	VGO/ vaksenoppl.	Totalt
<b>2012/2013</b>	11	43	32	29	115
<b>2013/2014</b>	7	39	34	36	116
<b>2014/2015</b>	10	40	27	49	126
<b>2015/2016</b>	14	41	33	40	128

Tilbakemelding frå einingane i Hareid og Ulstein viste at enkelte hadde siste året opplevd lang sakshandsamingstid og venteliste (feire månadar). Enkelte einingar rapporterte venteliste på to skuleår og dermed kunne det gå over to skuleår frå skulen/barnehagen tilmeldte til at det låg føre sakkyndig vurdering. I samtale med PPT etterspurde ein oversikt over venteliste. Ein fekk tilbakemelding om at PPT har hatt ventelister på ca 6 -8 mnd. Leiar for PPT gav tilbakemelding om at det skuldast kraftig auke i tilmeldingar frå einingane utan å auke bemanninga på PPT eller få nye arbeidsmåtar/rutinar i kommunane om kva einingane

skal ta hand om sjølv i det ordinære opplæringstilbodet og ei klarare avgrensing på kva PPT skal gjere. Etter endringsprosessen frå ca feb 2017 har ventetida auka.

#### 8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)

Tabellen viser antal sakkyndige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar for kvart enkelt år. I 2012/13 blei det gjennomført (174 saker) medan ein såg omlag ei halvering i antal gjennomførte saker i 2015/16 (89 saker) og 2015/16.

Når det gjeld sakshandsamingstid, (tid frå ei sak vert tilmeldt til ho er ferdig handsama) fekk ein tilbakemelding frå PPT at det er vanskeleg å gi ei oversikt over gjennomsnittleg

Talet på sakkunnige vurderingar	
2012/2013	174
2013/2014	158
2014/2015	107
2015/2016	89

sakshandsamingstid då ein arbeidar i prosess og prøvar ut tiltak over tid og då sakene kan vere veldig forskjellige, men at ein prøvar å halde seg innanfor 3 mnd. frå saka starta til ein konkludera.

Tilbakemelding frå skulane og barnehagane viste at i tillegg til lange ventelister opplevde mange lang sakshandsamingstid i enkeltsaker med sakshandsamingstid (over tre månader).

### 8.3 Vurdering:

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefaler at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Hareid og Ulstein kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. I dei verste tilfella kunne det gå to heile skuleår før det låg føre sakkyndig vurdering slik at kommunen kunne fatte enkeltvedtak. Sakshandsamingstida har derfor ikkje vore tilfredstillande desse åra.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårleg indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. En bakgrunn for dette er blant anna at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats er med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særlig for foreldre kan dette være med på å gi ei oppleving av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleving av at ein er raskt i gong med tiltak.

Det nye PPT-kontoret har signalisert at ein vil i mykje større grad ha fokus på systemretta og førebyggjande arbeid, men dette kan ikkje gå utover sakshandsamingstida. Både Hareid og Ulstein i tillegg til no både Ørsta og Volda som inngår i den nye eininga har veldig mange elevar/born som har krav på utredninga med omsyn til spesialundervisning. Derfor er det

veldig viktig at PPT prioriterer disse sakene så raskt som råd, slik at dei som vil ha krav på enkeltvedtak får dette.

Elevane/borna har rett på tilpassa opplæring både før og under kartleggingsfasen til PPT, slik at undervisninga som blir gitt kan vere god og godt tilpassa eleven. Derimot er det slik at når det ikkje ligg føre enkeltvedtak i høve spesialundervisning har ikkje foreldre/føresette moglegheit til å klage på den undervisninga som eleven får. Det er viktig at PPT får ned både ventetida og sakshandsamingstida, samt drive systematisk og førebyggjande arbeid.

#### **8.4 Konklusjon**

Ulstein kommune har i flg. tilbakemelding frå PPT, skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på over tre månader i enkeltsaker. Enkelte einingar rapporterte om enkeltsaker der den totale sakshandsamingstida (inklusiv venteliste) hadde vore på over to skuleår.

No er Volda og Ørsta gått inn i felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein og kommunane har mange born/elevlar på venteliste. Det er viktig at PPT i tillegg til det systematiske og førebyggjande arbeidet så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette.

## 9 Anbefalingar

1. Ulstein kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
2. PPT bør i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute på skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
3. Kommunen har utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til tilpassa opplæring og spesialundervisning i skulen. Desse burde reviderast mht. tydelegare ansvarsfordeling.
4. Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for barnehagane denne bør reviderast/oppdaterast både mht lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
5. Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
6. Kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren samt felles handlingsplan/kartleggingsplan i høve språk og sosial kompetanse i barnehagane.
7. Kommunen bør vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.

## 10 Rådmannen sin tilbakemelding:

### Generelt om rapporten.

Det er nytta mange omgrep her, både i sjølve rapporten og i samtalar med / innhenting av informasjon frå personale. Det er grunn til å peike på at ein i denne samanhengen må vere merksam på at omgrep kan og vil bli forstått ulikt. Omgrep det særleg er grunn til å peike på er: systemarbeid, individarbeid, tilpassa opplæring, tidleg innsats, kompetanseheving, organisasjonsutvikling. For å få best muleg resultat av prosjektet, ville det vore ein fordel om viktige omgrep var godt definerte i prosessen.

Prosjektet er gjennomført i ei periode der ein gjekk inn i ein endringsprosess med nytt regionalt PP-kontor. Fokus var allereie retta mot endringar og ny organisering og nye arbeidsmåtar.

### Til anbefalingane.

1. Det vert anbefalt at PPT kjem raskt i gang med handsaming av enkeltsaker. Dette er i strid med det kommunane og det nye PPT har som målsetting, nemleg auka systemretta arbeid, nettopp for å redusere behovet for enkeltsaker.
2. Dette er heilt i tråd med satsingar i det nye PPT.
3. Rutinane det her er snakk om, har vore gjenstand for tilsyn frå fylkesmannen og godkjende. Det kan likevel vere grunn for å klargjere ansvarstilhøve, særleg knytt til endringar i PPT sitt arbeid.
4. I den grad «permen» framleis skal vere gjeldande, er det klart at det er tid for fornying.
5. Kontaktlærarar vert godt involvert i arbeidet med overgang bhg-skule, - så snart det er klart kven desse lærarane er.
6. Det bør ikkje utarbeidast eigen handlingsplan/kartleggingsplan for barnehageområdet, men heller utvide gjeldande **kvalitetsplan** for skule til også å omfatte barnehageområdet.
7. Samtykkeskjema er allereie under endring.

## 11 Revisjonen sin tilbakemelding:

Vi meiner at definering av omgrepa har vore tydelege i prosessen, og kan ikkje sjå at dette ville påverka resultatet av prosjektet i nokon grad.

Vi ser på tidspunktet for utføring av forvaltningsprosjektet som gunstig. PPT-samarbeidet mellom Hareid og Ulstein har eksistert i mange år, og kartlegginga kan nyttast i arbeidet med det nye kontoret der Ørsta og Volda inngår.

I høve anbefaling 1 går det fram av opplæringslova og rettleiar for spesialundervisning at kommunen har eit ansvar for at dei elevane som er tilmeldt til PPT og evt. står på venteliste har etter lova krav på å verte handsama innanfor gjeldande fristar.